


Ankenes

Ankenes, i dag tettbygd område innafor Narvik, er kyrkjestad og gardsnr. 45 i det gamle Ankenes hd. som oppstod ved deling av Ofoten i 1884 og eksisterte i 80 år.

I «Norske Gaardnavne» reknar O. Rygh med at Anke- er gno. *Anki* som kjælenamn for Arnkell, eller også Arngrim, Arngeirr eller liknande mannsnamn. Denne måten å nærme seg gardsnamn på skriv seg frå ein epoke i stadnamnforskinga som la vekt på kva som var namnet til rydningsmannen på ein gard, og som tok det for gitt at folk i fortida fokuserte like mykje på individet som det er naturleg for oss å gjere. Men i dag vil namneforskarar og historikarar snarare seie: «Javel – men hadde ikkje neset (lia, vika, øya) noko namn før det kom folk og busette seg der?»

No er det heller ikkje utenkeleg at vi kunne knyte namnet Ankenes til *anka*, eitt av fleire nordlandske namn på fuglen havella, men det kan vere eit ganske tilfeldig lån av svensk *anka* (tam) «and», og dessutan er det ingen ting som tyder på at havella viste seg oftare på Ankenes enn andre stader i Ofoten.

Samisk namn på garden og kyrkjestaden Ankenes er **Ōŋ'ká** (Qvigstad 1938: 204), les ånka, og i flg. Björn Collinders «Ordbok till Sveriges lapska ortnamn» vil *ón'ká* eller *ånka* seie "djupt håll i myror, hvarifrån små bäckar rinna": Økonomisk kartverk for Ankenes viser at det ligg ei rekke med slike små myrhol oppå Ankenesfjellet.



Dette myrhol-området er nedslagsområde for både synlege bekkar og underjordiske vassårer, som Mølnbekken, Vedbergelva og Sandgropelva like austom Ankenes og mange fleire. At der er nøgda av bekkefar i fjellsida ovanfor Ankenes framgår også av ØK på eit anna kartutsnitt frå Norgesglasset:

